

Jarn i elden


Gerhard var midt i tjuetåra då han søkte ut og la vegen til Voss. Der gjekk han to år på Statens Kunst- og handverkskule, samt eitt år på Statens Husindustriskule i Ytre Arna. Etter ei solid utdanning innan smedfaget vende han heimover. Ønsket var sjølv sagt å få praktisere sine kunnskapar, noko som i første omgang synt seg vanskeleg i heimbygda. Det var ei mager tid, og jobbar innan smedyrket var det få av i lokalområdet. Gerhard syntes dette var for ille, og begynte å sysle med tanken om å etablere eiga verksemd. Med ein god porsjon idealisme og pågangsmot samt eit økonomisk tilskot frå staten og kommunen såg Norddal Jarnarbeidarskule dagens lys i 1957.

Maskinar


Nødvendige maskinar vart innkjøpt frå Stordalen og oppmontert i kjellaren i eit privat- hus med verkstad vegg i vegg. Den økonomiske støtta var gitt for 24 veker i året, og skuleåret var fordelt på vintermånadene før og etter jul. Søknaden til skulen var stor. Frå Nord-Norge, Trøndelag, Mjøsområdet og lokalområdet kom lærelystne elevar. Dei aller fleste elevane var både flinke og trivdest godt, i følgje Gerhard. Det var berre ein som etter kort tid reiste igjen. Det var visst altfor lite folk her i bygda, hadde han meint. I bygdemiljøet hadde skulen ein sentral plass, og var utvilsamt av positiv betydning både for bygda og dei som hadde sitt daglege virke der. Til saman gjekk det ut 102 elevar frå jarnarbeidarskulen, tre av desse slo seg ned for godt og stifta familie i bygda.

Undervisning

Undervisning og dagleg leining av skulen var Gerhard sitt ansvar. Det pedagogiske opplegget la mest vekt på praktisk arbeid,



Gerhard Berge, eidsdaling i sitt fireogåttiande år, har opp gjennom tidene hatt mange jarn i elden, både konkret og i overført tyding. Både som grunnleggjar og styrar av Norddal Jarnarbeidarskule og som samfunnsengasjert bygdemann har Gerhard markert seg som ein skapande og initiativrik person. Av Gerhard sine mange arbeidsfelt skal vi her avgrense det litt og går spesielt inn på tida med Norddal Jarnarbeidarskule.



Denne klokka er over 200 år gammel, og er laga av Børre Grønningseter frå Valldal.

men noko teoretisk undervisning i norsk og rekning vart teke i vare av timelærarar. Medan Gerhard snakkar om dette går tankane til utviklinga innan skuleverket. - Det har gått for langt i retning av berre teoretisk kontra praktisk undervisning, seier Gerhard med eit lite sukk i stemma.

Årskull

Kvart årskull på skulen var mellom 10 og 12 elevar. Mange nyttige verkty og bruksgjenstandar vart produserte under opphaldet på skulen. Alle elevane laga i løpet av tida jarnsakser som dei fekk nytte av i seinare arbeid. Av andre gjenstandar kan nemnast baufiler, lysekruner, lysestakar,

biletrammer og liknande. Elevane sitt arbeid gjennom vinteren vart presentert på ei årvisst utstilling på vårparten, rett før skuleslutt.

I 1949 fekk skulen pålegg frå sentralt hald om å endre det pedagogiske opplegget i retning av meir teoretisk undervisning. Dette i tillegg til vanskar med å få økonomisk støtte til skulen var grunnlaget for at Gerhard såg seg

nøydd til å legge ned drifta av skulen. Arbeidsmarknaden var dessutan betre, og Gerhard fekk seg anleggsarbeid i Tafjord og seinare i Svarthammaren i Dalsbygda. Han innrømmer at det var trist å måtte legge ned skulen som han hadde lagt så mykje tid og krefter i.

Minnest



Men sjølv om jarnarbeidarskulen for lengst er gått over i historia, minest han skuletida både gjennom sporadisk kontakt med gamle elevar, eller han blir gjennom biletarkiva sine frå skuleåra. Gjenstandar Gerhard omgir seg med i heimen avslører skaparevne og flinke hender. Sjølvlagde lysekruner, golvlampar og andre produkt av smijarn dominerer i stova. I kjellaren står mellom anna ei over 200 år gammal klokke som er laga av Børre Grønningseter frå Valldal. Klokka både går og slår framleis.

Handverksfaget

Gerhard meiner handverksfaget generelt har gått ned i status, men registrerer med glede at folk no ser ut til å sjå større og større verdi i dei tradisjonsrike handverksfaga. Han har tru på at desse vil først vidare i komande generasjonar og fortel at for ikkje lenge sidan stakk ein ungdom innom for å få praktiske tips om smedarbeidet. Gerhard set pris på slikt, og beviser at personar som har nådd middags- høgda absolutt har noko å bidra med.

AV HARALD JAN SKARSTEIN

Gjernstandane heime hos Gerhard vitnar om skaparevne og flinke hender.



Ei av elevutstillingane ved Norddal Jarnarbeidarskule.

Gerhard Berge syner skulane i dag er blitt for teoretiske

